



Innsamling til julegrana har fått inn 25000,-, og Kvinnherad Elektro vil sponsa med 120 pærer kvart år dei neste fem åra. (Foto: Ola Matti Mathisen)

**Det har vore jamn og god pengestraum inn på kontoen til Aksjon Julegran etter at innsamlinga starta 1. november. Den store gjevargleda viser at Julegrana er noko mange samlast om; det betyr mykje for mange. Dei har sterkt ønskje om at julegrana skal lysa i førjulstida i åra framover. Dette er noko som styrkjer fellesskapskjensla, i tillegg til at den er viktig for at vi skal koma i den rette julestemninga.**

- Til no er det kome inn vel 25.000 kr på kontoen, fortel ein svært så fornøgd Knut Stensletten i ansvarsgruppa. – I tillegg til denne summen har vi fått tilsegn om ei storlagen gåve frå Kvinnherad Elektro. Dei har lova å sponsa prosjektet med 120 lyspærer årleg i 5 år framover. Det er ei fantastisk gåve, og det bør dekka utgiftene til lyspærer dersom veret er nokolunde bra.

Han fortel elles at også nokre firma i bygda har støtta godt opp om Julegrana, men hovudtyngda av støtta kjem frå privatpersonar. Bygdefolket har vore flinke å gje, men det har og strøymt inn gåver frå utflytta uskedelingar, og frå kvinnheringar busett både i indre og ytre luten.

Klart største pengegåva har kome frå Eidsvik Skipsbyggeri som har gjeve den flotte summen på 2500 kr, medan privatpersonar har gjeve heilt opp til 1000kr.

På Spar-butikken på Sanden har dei innsamlingsbøsse ståande. Mange har nytta seg av muligheten til å putta pengar på denne. Kari Ljosnes fortel at den har vore tømmt ein gong. Då vart det sett inn om lag 2500 kr på kontoen. – No er han såpass full att, at den treng tømast på nytt, kan Kari meddela. I tillegg samla Aktivitetshusets Damevenner inn ca. 300 kr. under julemarknaden sist fredag.

- Vi er svært takksame for alle gåvene, seier Knut, den store responsen og den store breidda i gjevargruppa viser kor viktig den lysande Julegrana er for mange.

Vi vil tru at den flotte gjevargleda og den gode støtta gjer at det er litt lettare for dei i ansvarsgruppa når dei må ut på vedlikehaldsarbeid i ruskeveret no om dagane.

Knut fortel at det framleis er råd å støtta aksjonen. Dei håpar at det etter aksjonen skal vera midlar til Julegrana i mange år framover. Etter den forrige Aksjon Julegran som Arne Terje Haugland stod i bresjen for i 1989, varte det 17 år før kontoen var tom. Det er å håpa at denne innsamlinga kan gje dei nødvendige midlane til drifta i minst like mange år.

Uskedalen.no kjem attende med oppsummeringsrapport når innsamlinga vert rekna som avslutta på nyåret.

Av Thor Inge Døssland

**Siste:** etter at dette var skrive, har innsamlingsbøssa på Spar blitt tømt på nytt. Den viste seg å innehalda ein flott sum på nærare 2500 kr også denne gongen. Dermed er det samla inn nærare 5000 kr på butikken til no. Flott!!  
Julegrankontoen nærmar seg såleis 28000 kr.